



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 13.11.2014  
Vår ref.: 2014/394-8  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.: 2013/011120-157

## Fråsegn - Varsel om utviding av planområdet for reguleringsplan - Rv. 555 Fastlandsambandet Sotra - Bergen, Kolltveit - Storavatnet

Vi viser til brev datert 23.09.2014 om varsel om utviding av planområdet for reguleringsplan for Sotrasambandet, parsellen Kolltveit – Storavatnet i Fjell kommune.

Vi beklagar seint svar.

### Vurdering og innspel

Dette brevet omhandler berre utvidinga av planområdet, for øvrige merknader viser Hordaland fylkeskommune til tidlegare fråsegner.

#### Kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt 2 i dei regionale retningslinene i fylkesdelplan for kulturminne, der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalt, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Her er det viktig å få fram ikkje berre fornminne og bygningar/bygningsmiljø, men òg steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne, kulturlandskap, m.m.

Vi har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i den utvida delen av planområdet. Det er kjent 3 SEFRAK-registrerte ruinar i planutvidinga, vi ber om at verneverdi blir vurdert og at desse blir teke omsyn til i planprosessen vidare.

Det er gjort arkeologisk registrering i det tidlegare varslede planområdet i 2013, desse undersøkingane påviste 18 nye automatisk freda kulturminne, jf. vårt brev av 14.04.14 som skildrar resultat frå registreringane. Vi ber Statens vegvesen ta kontakt med Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga når det føreligg arealdisponering i planen for å drøfte løysingar for kulturminneinteresser i planen.

#### Landskap

Området er av landskapstypen kystheiane som utgjer eit karaktersterkt og dominante inntrykk i våre ytre kystbygder. Denne landskapstypen er sårbar for inngrep fordi landskapet er ope og eksponert. Store infrastrukturprosjekt som dette kan difor ha stor påverknad på landskapet og ha betydeleg visuell påverknad. Hordaland fylkeskommune understrekar viktigheita av å ta omsyn til landskapet i planutforming og gjennomføring av prosjektet.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

**Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturminne og landskap.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakshandsamar:

Hans-Christian Engum, Planseksjonen - REG AVD, REGIONALAVDELINGA